



Arkivnr: 2017/1575-10
Saksbehandlar: Kari Skibenes, Ruth Ørnholt

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.03.2018

Kjelda - eit digitalt innhaldsprosjekt

Samandrag

Fylkeskommunen har i mange år arbeidd saman med folkebiblioteka for å få på plass gode nettstader, men det er ei utfordringa for mange bibliotek jamleg å ha nytt innhald. Det finst mange offentleg finansierte digitale kjelder som passar for allmenta, men som er for lite kjente av potensielle brukarar. Digitalt innhald kan utjamne forskjellar i bibliotektilbodet. Det er tenester som kan nyttast heile døgeret, sjølv om biblioteket er ope 10 timer i veka. Prosjektet *Kjelda* skal kople brukarar (frå folkebiblioteka) og innhald (frå dei digitale kjeldene) saman.

Dei langsiktige måla er å løfte kunnskapsdimensjonen ved folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag, å etablere folkebiblioteka sine nettstader som ein stad der ein finn nyttige digitale ressursar, å auke bruk av dei digitale kjeldene som blir formidla i prosjektet og å lette nettsidearbeidet for biblioteka.

Nasjonalbiblioteket løyvde kr 300 000 til prosjektet *Kjelda* i 2017. Det er søkt om det same beløpet i 2018. Det er budsjettert med kr 100 000 på fylkesbiblioteket sitt budsjett i 2018. Fordi det blir nytta meir interne personalressursar enn opphavleg planlagt, er det ikkje trong for ekstra ressursar til prosjektet.

Økonomi: Økonomiske midlar blir omdisponert innanfor gjeldande budsjettet.

Klima: Saka har ikkje relevans for klimaavtrykk

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Prosjektet følgjer opp innsatsområde i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til vitande.
2. Kr 100 000 på fylkesbiblioteket sitt budsjett, blir omdisponert til andre bibliotekprosjekt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.02.2018

Bakgrunn

Fylkeskommunen har i mange år arbeidd systematisk saman med dei kommunale folkebiblioteka for å få på plass gode nettstader. Biblioteka mobiliserer mykje ressursar fram mot lansering, men mange har ikkje ressursar til å følgje opp nettstadene etter lansering, slik at kvalitet og oppdateringsfrekvens blir dårleg.

Det er ei utfordringa for mange bibliotek å jamleg ha nytt innhald på nettstaden. Det finst mange digitale kjelder med fagleg godt innhald som passar for allmenta. Mange av dei er offentleg finansiert, men for lite kjent av potensielle brukarar. Prosjektet *Kjellda* skal kople brukarar (frå folkebiblioteka) og innhald (frå dei digitale kjeldene) saman.

Bibliotektilbodet i kommunane varierer mykje. Mange bibliotek har berre ein tilsett, nokon med mindre enn eit årsverk. Digitalt innhald kan vere med på å utjamne forskjellar i bibliotektilbodet i og med at det er tenester som kan nyttast heile døgeret, sjølv om biblioteket er ope 10 timer i veka.

Dei langsiktige måla med prosjektet er:

- å løfte kunnskapsdimensjonen ved folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag.
- å etablere folkebiblioteka sine nettstader som ein stad der ein finn nyttige digitale ressursar.
- å auke bruk av dei digitale kjeldene som blir formidla i prosjektet.
- å lette nettsidearbeidet for biblioteka.

Prosjekt mål

- Auke kvaliteten på biblioteknettstadene i Hordaland ved at ein utnyttar potensialet som ligg i det digitale bibliotekrommet og koplar det til dagleg formidlingsarbeid
- Integrere offentleg finansierte, digitale kjelder på folkebiblioteka sine nettstadar på ein dynamisk måte
- Teste ulike formar for formidling av digitale kjelder.
- Auke bruk av biblioteknettstadene i Hordaland med 50%
- Hauste erfaringar og utvikle metodikk for korleis eit fylkesbibliotek kan bidra til at alle folkebiblioteka har aktuelle og oppdaterte nettsider med innhald av høg kvalitet.

Strategiar

1. Formidling av utvalde kjelder på biblioteknettstadene

I prosjektet er det kartlagt aktuelle kjelder, og gjort eit grovutval. Ulike former for formidling skal testast på eit utval kjelder, som t.d. Grind, Digitalarkivet og Helsebiblioteket. Brukaroppleving vil stå sentralt i testinga. Kjøp av tenester frå digitalbyrået Knowit er sentralt for å lukkast med denne strategien.

2. Tilby innhald og praktisk hjelp til publisering

Biblioteka er spurd om kva dei ønsker at fylkesbiblioteket skal tilby for å lette nettsidearbeidet deira. Det er eit stort ønske om både innhald og kompetanseutvikling. I tillegg er det ein del bibliotek som ønsker praktisk hjelp til å halde nettstaden oppdatert.

3. Marknadsføre ressursane på ein målretta måte

Denne strategien vil bli sett i verk i andre prosjektår.

Ressursbruk

Nasjonalbiblioteket løyvde kr 300 000 til det toårige prosjektet *Kjellda* i 2017. Det er søkt om det same beløpet i 2018. Det er budsjettert med kr 100 000 på fylkesbiblioteket sitt budsjett i 2018. Fordi det blir nytta meir interne personalressursar enn opphavleg planlagt, er det ikkje trong for ekstra ressursar til prosjektet. Fylkesrådmannen rår til at desse blir omdisponert til andre bibliotekprosjekt.